



Det var fire frå Uskedalen i avgangskullet denne gongen. (Foto: Gunn Sølvi Kristoffersen)

Torsdag kveld var det avslutningsfest for avgangselevane ved Rosendal ungdomsskule. Dette året var det berre 4 elevar frå Uskedalen i avgangskullet. Det var Ida Røssland, Ann Mari Kristoffersen, Knut Gilberto Sæbø og Hanna Kjærland.



Knut Gilberto Sæbø mottar vitnemålet av rektor Stein E. Schille og kontaktlærar Willy Kalsås. (Foto: Gunn Sølvi Kristoffersen)
Festen var som tidlegare år lagt til samfunnhussalen, og der vart festlyden, elevar, foreldre og tilsette ved skulen, møtt av ein fint pynta og dekkja festsal. Elles var festen lagt opp etter ein tradisjonell leist. I tillegg til variert program var det middag.

Høgdepunktet i programmet var sjølvstøtt då elevane fekk overrekk vitnemålet som bevis på fullført ungdomsskule. Rektor Stein Elling Schille stod for denne overrekinga. Han heldt og tale til elevane. Det same gjorde Ove Tvedt frå Valen.

Elles var det g veoverrekking fr  elevane til kontaktl rarane, og dei andre l rarar fekk blomar. Elevane framf rte og ein sj lv laga song.

Rosendal skulekorps spela til opning p  festen slik dei har gjort mange  r tidlegare. Dei kom godt fr  oppdraget, og viste at dei er godt rusta til Skottland-turen dei legg ut p  mandag. Rocke-gruppa WoX, med avgangseleven Knut Gilberto S eb  bak trommesettet, har hatt tett med speleoppdrag siste tida. Ogs  denne kvelden leverte dei varene for eit forn gd publikum.

Festunda vart s  h gtidsam som den skal vera ved eit viktig veiskilje som overgangen fr  ungdomsskule til vidareg ande utdanning er. Sj lv om dei fleste elevane nok held fram ved KVV, er det nok og ein del som av interesser og utdanningsm l vert f rt til andre skular. Lukke til.

I tillegg til elevar og l rarar hjelpte foreldre til 8. og 9. klasseelevar til med praktisk arbeid knytt til den vellukka samkoma.

Av Thor Inge D ssland



Elevane overrekte g ver og blomar til l rarane. Fr  venstre P l Haugland, Randi Stensletten, Willy Kals s og Rita Hjelmeland. (Foto: Gunn S lvi Kristoffersen)